



Fedje kommune

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 09.02.2021
Møtestad: Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 19:30

På grunn av smittevern, var møtet ikkje ope for publikum. Møtet vart strøyma til på Fedje kommune si Facebookside.

Økonomisjef møtte for rådmannen på kort varsel.

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap

Møtedeltakarar vara	Parti
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Otto-Andre Nordby	H
Paul Gunnar Gullaksen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Hans Erik Waage	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjarte Villanger, Dagrun Gunnarson, Jan Torry Sande, Øyvind Tolleshaug

Sakliste

Saknr	Tittel
001/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møtebok
003/21	Referatsaker
004/21	Delegerte saker
005/21	Delegerte saker teknikk og miljø
006/21	Budsjettrullering årsavslutning 2020
007/21	Tap og avsetting til fond på kundefordringar for 2020
008/21	Støtte til lokale parti
009/21	Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - orientering om stoda og vegen vidare
010/21	Reguleringsplan for Koppersevja - Vedtak om offentlig ettersyn
011/21	Leige av kommunal tomt - opsjonsavtale
012/21	Flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaaien. Ny handsaming.
013/21	Om silobygget på Svena.
014/21	Omstilling i koronaen si tid
015/21	Eventuelt formannskap 09.02.21

001/21: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 001/21 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

002/21: Godkjenning av møtebok

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 002/21 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

003/21: Referatsaker

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 003/21 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering. Formannskapet ber om å få ref.sak 21.2 til kommunestyret.

Samrøystes vedteke.

004/21: Delegerte saker

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 004/21 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

005/21: Delegerte saker teknikk og miljø

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 005/21 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

006/21: Budsjettrullering årsavslutning 2020

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 006/21 Vedtak:

Budsjettet vert endra i tråd med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

007/21: Tap og avsetting til fond på kundefordringar for 2020

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 007/21 Vedtak:

Fedje kommune realiserer tap på kundefordringar til husleige på til saman NOK 344 397, og set av NOK 152 275 til bunde fond for dekkinga av uteståande husleige.

Samrøystes vedteke.

008/21: Støtte til lokale parti

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 008/21 Vedtak:

Fedje kommune held fram med støtte til lokale partilag, slik det vart vedteke i kommunestyrevedtak 031/06. Kr 25 000 vert sett av på 14700.1000.1000 i revidert kommunebudsjett for 2021 til å dekke

den årlege partistøtta. Inndekning: Reduksjon av driftsoverskotet.

Samrøystes vedteke.

009/21: Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - orientering om stoda og vegen vidare

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 009/21 Vedtak:

Formannskapet tek saka til vitande.

Samrøystes vedteke.

010/21: Reguleringsplan for Koppersevja - Vedtak om offentleg ettersyn

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 010/21 Vedtak:

I medhald av delegeringsreglementet for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, og plan og bygningslova § 12-11 (handsaming av private framlegg til reguleringsplan), gjer formannskapet følgjande vedtak:

Reguleringsplan med føresegner for Koppersevja, slik den ligg føre i denne saka, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Samrøystes vedteke.

011/21: Leige av kommunal tomt - opsjonsavtale

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

Ordførar orienterte om at det er andre interessenter for same området, som vil kome med meir informasjon. Ordførar hadde også ettersendt eit innspel i saka frå nabo til formannskapet i dag. Stian Herøy (H): Føreslår å utsette saka.

Forslaget vart behandla først, og samrøystes vedteke.

F - sak 011/21 Vedtak:

Saka vert utsett.
Samrøystes vedteke.

012/21: Flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaaien. Ny handsaming.

Formannskapet 09.02.2021

Felles tilleggsframlegg, foreslått av Stian Herøy, Høgre
Formannskapet ber administrasjonen om at dei går i dialog med Statens Vegvesen om at det vert satt opp eit skilt som gir forbod mot fortøyning på forlenginga av piren.

Behandling:

F - sak 012/21 Vedtak:

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer formannskapet følgjande vedtak :

Jorunn Nygård får rammeløyve til å leggja ut flytebrygga på 5,3 x 2,3 meter, bygga landfeste og gangbru frå land og forankringar i samsvar med plan motteke i kommunen 8. desember 2020.

Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 16.

Vilkår for løyvet :

Hovudlodd skal vera 4 meter frå piren og minimum 5 meter av kjetting mellom flytebrygge og hovudlodd skal liggja på sjøbotnen ved fjære sjø.

Formannskapet ber administrasjonen om at dei går i dialog med Statens Vegvesen om at det vert satt opp eit skilt som gir forbod mot fortøyning på forlenginga av piren.
Samrøystes vedteke.

013/21: Om silobygget på Svena.

Formannskapet 09.02.2021

Forslag til vedtak, foreslått av Stian Herøy, Høyre

Vedtaket om tvangsmulkt suspenderast inntil smittetrykket i samfunnet er på eit slik nivå at dette kan gjerast på ein smitte messig trygg måte. Uansett må bygget sikrast slik at det ikkje er til fare for andre. Saka kjem opp til vurdering i neste formannskap. Smittevernlegen definerer når arbeidet kan utførast.

Behandling:

Otto-Andre Nordby bad om å få vurdert sin habilitet sidan han er bror til kona til søkjar. Nordby gjekk ut av møtet medan habiliteten vart vurdert. Nordby vart samrøystes vedteke å vere ugild etter forvaltningslova § 6, 1.ledd b). Vara Paul Gullaksen trådde inn i møtet for å handsame saka.

F - sak 013/21 Vedtak:

Vedtaket om tvangsmulkt suspenderast inntil smittetrykket i samfunnet er på eit slik nivå at dette kan gjerast på ein smitte messig trygg måte. Uansett må bygget sikrast slik at det ikkje er til fare for andre. Saka kjem opp til vurdering i neste formannskap. Smittevernlegen definerer når arbeidet kan utførast.

Samrøystes vedteke.

014/21: Omstilling i koronaen si tid

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

F - sak 014/21 Vedtak:

Formannskapet tar saka til orientering.
Samrøystes vedteke.

015/21: Eventuelt formannskap 09.02.21

Formannskapet 09.02.2021

Behandling:

Kamilla K.Karlsen (Ap) spurte kva Fedje kommune har fått av ekstra midlar i samband med koronaen, og kva dei vart nytta til. Rådmannen ved økonomisjef orienterte.

Kamilla K.Karlsen (Ap) spurte om bruk av helsesjukepleiar si 40% stilling no. Rådmannen ved økonomisjef orienterte.

Kamilla K.Karlsen (Ap) spurte om melding frå teknisk om stopp i vassforsyninga. Rådmannen v/teknisk sjef orienterte.

Bjørn Solbakk (Frp) spurte om administrasjonen kan legge fram arealplanen i kommuneplanen til ny behandling i vår. Rådmannen v/ teknisk sjef informerte. Intensjonen frå rådmannen er å leggje fram oppdatering av planstrategi til kommunestyret i inneverande år.

Rådmannen v/økonomisjef orienterte om

- taksering av næringseigedom.
- forventa årsresultat for 2020.

Rådmannen v/personalsjef informerte om rekrutteringsprosessen for ny helse- og omsorgssjef.

F - sak 015/21 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.
